

NVE  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 Oslo

Dato: 16.03.2017  
Vår ref.: 2016/5069-12  
Saksbehandlar: jannor  
Dykkar ref.: «REF»

## **Justert søknad om løyve til Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune. Melding om vedtak.**

Vi syner til e-post frå NVE dagsett 25.10.16 der Hordaland fylkeskommune vert beden om å gje fråsegn til justert søknad om løyve til Isdøla kraftverk.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 08.12.16 sak PS 316/16 og gjorde vedtak som går fram av dokumenta under.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare orientert om vedtaket pr. e-post.

Sølve Dag Sondbø  
klima- og naturressurssjef

Jan Nordø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2016/5069-10

Saksbehandlar: Jan Nordø

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	316/16	08.12.2016

**Justert søknad om løyve til Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune. Fråsegn til avgrensa høyring.****Samandrag**

Ei utbygging etter dei justerte planane det er søkt om, vil gje ein årleg kraftproduksjon på 5,8 GWh. Det svarar til straumbruken til om lag 300 husstandar. Utbyggingsprisen er estimert til mellom 3,91 og 3,98 kr/kWh.

Konsekvensane for ålmenne interesser er i første rekkje knytte til friluftsliv og reiseliv og til dels landskap, biologisk mangfald og fisk. Tiltaks- og influensområdet ligg i randsona til Hardangervidda Nasjonalpark, men ikkje i sårbart høg fjell av stor verdi og vil ikkje redusera inngrepsfrie område. Opplevinga av landskapet i tiltaks- og influensområdet vil likevel bli negativt påverka, i sær i den øvste delen av tiltaket. Monaleg redusert middelvassføring og låg minstevassføring kan vera til skade for aurebestanden og fossefall i Isdøla og krev avbøtande tiltak med høgare minstevassføring og om naudsynt reirkassar. Influensområdet for tiltaket grensar inn mot Hardangervidda villreinområde, men Isdalen som Isdøla renn gjennom, høyrer ikkje til dette viddeområdet.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk legg vekt på å ta vare på «opplevingskvalitetane i friluftsområde av stor verdi» (sjå R6.1 over), slik utbyggingsområdet er klassifisert som. For reiseliv gjev planen tilsvarande føringar. Sjølv om prosjektet er modifisert, vi monaleg redusert vassføring tett inn til DNT-løype i dei mest turintensive periodane, inntaksdam 30-40 m frå stien og ny veg til inntaksdammen væra i strid med dei naturopplevingane småkraftplanen ønskjer å fremja i friluftsområde av stor verdi.

Fylkesrådmannen konkluderer med at tiltaks- og influensområdet er mykje brukt til friluftsliv, både regionalt og lokalt. Med omfemnande utbygging av alpindestinasjon med fjellandsby i Sysendalen slik Eidfjord kommune har planar om, blir det særleg viktig å unngå inngrep i oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda. Fylkesrådmannen legg også vekt på at mykje av vassdragsnaturen i Sysendalen alt er regulert i samband med kraftutbygging. Det er viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknader slik delområdeomtalen for Ulvik-Eidfjord i småkraftplanen legg vekt på (sjå s. 11).

Både Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland vektlegg omsynet til friluftsliv i måla, strategiane og retningslinene sine. Klimaplanen seier i strategi 3A.4 for energi at «energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.» (s.29). I forlenginga understreker småkraftplanen i retningslina si at «ein bør visa varsemd ved utforming av vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi.» (R6.1). Planen gjev tilsvarande føringar for reiseliv.

Trass i positive justeringar, vurderer fylkesrådmannen framleis konfliktnivået for friluftsliv og reiseliv som høgt i prosjektet det er søkt om. Tiltaks- og influensområdet i Isdalen og Sysendalen har stor regional verdi

og stort potensiale. Med grunngjeving i Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland rår difor fylkesrådmannen framleis frå konsesjon til Isdøla kraftverk.

### **Framlegg til vedtak**

Av omsyn til opplevingskvalitetane i regionalt friluftsområde av stor verdi, kommunale planar om reiselivsdestinasjon av stor regional verdi og stor samla belastning for friluftsliv i Sysendalen held Hordaland fylkeskommune oppe vedtak i fylkesutvalet av 23.08.16 om å rå frå konsesjon til Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016**

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune er positiv til justert søknad om utbygging av Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune.»

### **Røysting**

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp, Sp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 12 røyster (A, KrF, SV, MDG, V og H) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Av omsyn til opplevingskvalitetane i regionalt friluftsområde av stor verdi, kommunale planar om reiselivsdestinasjon av stor regional verdi og stor samla belastning for friluftsliv i Sysendalen held Hordaland fylkeskommune oppe vedtak i fylkesutvalet av 23.08.16 om å rå frå konsesjon til Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 21.11.2016**

## 1. Innleiing

Isdøla Kraft AS ønskjer å utnytta vassfallet i Isdøla i Eidfjord kommune og søker om løyve til å byggja Isdøla kraftverk i elva. Konesjonssøknaden vart handsama av fylkesutvalet (FUV) 23.08.16 utan tilråding frå utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) då møtet etter møteplanen 16.08.16 vart avlyst. FUV gjorde slik vedtak:

*Av omsyn til opplevingskvalitetane i regionalt friluftsområde av stor verdi, kommunale planar om reiselivsdestinasjon av stor regional verdi og stor samla belastning for friluftsliv i Sysendalen rår Hordaland fylkeskommune frå konsesjon til Isdøla kraftverk i Eidfjord.*

Basert på tilbakemeldingar frå høyringsgrupper ønskjer Isdøla Kraft AS å redusera planlagd utbygging i øvre del av elva. Dette er fordi delar av røytrase her vil gå langsmed elv og DNT-merka sti. Fleire av høyringsfråsegnene var kritiske til dette, m.a. Hordaland fylkeskommune. Justeringane blei presenterte på synfaring 19.09.16 der også Hordaland fylkeskommune var til stades.

NVE har i e-post pr. 25.10.16 send justert søknad på avgrensa høyring til dei høyringspartane som har gjeve uttale. Frist er sett til 21.11.16, men NVE har gjeve Hordaland fylkeskommune utsetting til 12.12.16, etter møte i KIRU 06.12. og FUV 08.12.16. Sidan NVE vurderer søknaden som hastesak, ønskjer dei at det vert gjort vedtak i Hordaland fylkeskommune snarast mogleg. P.g.a. knapp tid mellom møta i KIRU og FUV og av di fylkesutvalet er vel kjend med saka gjennom vedtak 23.08.16, meiner fylkesrådmannen det er akseptabelt at saka vert lagt fram direkte for FUV.

## 2. Søknaden

### 2.1. Områdeomtale

Isdøla kraftverk er planlagd lokalisert ved elva Isdøla, eit sidevassdrag til Bjoreio i Eidfjord kommune. Isdøla munnar ut i Bjoreio i Sysendalen om lag 1,2 km ovanfor Vøringsfossen.

Kraftstasjonen er planlagd om lag 730 m ovanfor utløpet i Bjoreio, om lag 330 m frå Liseth, og vil utnytta fallet om lag 900 meter oppover Isdøla. Røyrgate og kraftstasjon vil liggja på austsida av Isdøla.



Fig. 1 Geografisk plassering av tiltaket

## 2.2. Prosjektskildring

### A. Opphavleg søknad

Isdøla kraftverk vil nytta eit fall i Isdøla på 95 m frå inntaket 815 moh til kraftstasjonen på kote 720. Vassvegen vil gå i ei grøft på heile strekninga og blir 1100 m lang. Middelvassføringa er 1000 l/s, og kraftvegen er planlagd med ei maksimal slukeevne på 2500 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,8 MW og gje ein årleg produksjon på 6 GWh. Utbygging vil føra til redusert vassføring på ei 1100 m lang strekning i Isdøla. Det er planlagd slepp av minstevassføring på 50 l/s om sommaren og 30 l/s resten av året.

Utbyggingspris er sett til 3,75 kr/kWh.






Fig. 2 Område for tiltaket det er søkt om. Liseth Pensjonat og Hyttetun midt i bildet.

### B. Justert søknad




Fig. 3 Alternative rørtraséar



*Fig. 4 Stad for ny inntaksdam, sett mot nordvest*

#### Flytting av inntaksdammen

Inntaksdammen vert flytta om lag 200 m nedover langs elva frå staden omtalt i konsesjonssøknaden. Damhøgda vil bli avgrensa til maksimum 1,2 m. Røyrtraséens øvre del blir dermed forkorta og endra som vist på fig. 3. Nedanfor dammen, på sørlege breidd av elva, blir det laga eit inntaksmagasin, om lag 2 m djupt.

For bygging av inntaksdam og boring av vasstunnel er det planlagd ein om lag 225 m lang førebels anleggsveg frå parkeringsplassen på Bjørkhaug lenger vest. Denne vil seinare tena som tilkomstveg til dammen.




Fig. 5 Skisse av ny veg frå Bjørkehaug til ny inntaksdam

#### Endring av rørtrasé, øvre del

Frå inntaksdam er det planlagt ein om lag 200 m lang vasstunnel. Det er vurdert ulike alternativ for rørtrasé etter tunnel frå inntaksdam.

#### *Alt. 1: Nedgrave røyr*

Røyr vert grave ned frå tunnelinnslag frå inntaksdam (markert med gult på fig. 3). Rørtraséen vert lagt langsmed elv.

#### *Alt. 2: Kombinasjon nedgrave røyr og vasstunnel*

Røyr vert grave ned i ei lengd på om lag 100 m (blått på fig. 3), og ny vasstunnel (svart) på om lag 100 m vert bora. Det må lagast mellombels anleggsveg opp frå innslag på tunnel nr. 2 for opprigging av borerigg på ny lokalitet.

Rørtraséen har her generelt tynt (0,5-1 m) overdekke med lausmassar. Røyr vert planlagt grave ned mot fastfjell og dekt til.

Borekaks etter tunnelboring er planlagt nytta til fyll i rørtraséen.

#### Endringar i årsproduksjon

Berekna årsproduksjon vil blir redusert frå 6 GWh til 5,8 GWh. Det skuldast redusert fallhøgde og at Statkraft har varsla at dei ikkje lenger vil ha noko slepp gjennom Isdalsvatnet.

#### Endring i kostnadsoverslag

- Utbyggingspris med rørtrasé etter alternativ 1: 3,91 kr/kWh
- Utbyggingspris med rørtrasé etter alternativ 2: 3,98 kr/kWh



### 3. Verknad for natur og samfunn

#### 3.1. Landskap

Landskapet ligg heilt vest på Hardangervidda og er rimeleg flatt før det stupar bratt ned mot Hardangerfjorden. Området vert i hovudsak dominert av to flate u-dalar om lag 7-800 moh der Sysendalen som er den klart største, som strekkjer seg fram til Måbødalen med 2-300 m loddrette fjellsider. Isdalen er ein mindre sidedal som er dominert av Isdalsvatn om lag 830 moh. Dalføret er – bortsett vest for Måbødalen – omkransa av fjell på godt over 1400 moh..

Ein betydeleg del av den påverka elvestrekninga (midtre og nedre del) går gjennom gjel med forholdsvis bratte sider – det går følgjeleg ingen turstiar langs denne delen av elva, og området er etter tiltakshavar si vurdering vanskeleg tilgjengeleg og lite besøkt. For denne delen av elva vert difor dei landskapsmessige konsekvensane vurdert å vera små og lokale.

Utbyggjar vurderer vidare inngrepa å vera lite synlege frå omgjevnadene. Det mest synlege inngrepet blir kraftstasjonen som ligg i nærleiken av annan fritidsbusetnad. Innsyn til denne er avhengig av at ein følgjer turvegen fram til og forbi stasjonen. Tiltakshavar vurderer det slik at berre frå eit fåtal av dei nærliggjande hyttene vil ein kunna sjå stasjonsbygningen.

Røyr gata blir etter dei justerte planane på om lag 900 m og vert lagt i terrenget på austsida av elva som vasstunnel og nedgrave røyr i ulike alternativ (sjå prosjektskildringa på s. 6).

I høve den opphavlege søknaden vert inntaksdammen av betong justert ned frå 2,5-3 m høgde til maks 1,2 m høgde og flytta 200 m nedover i elva.

Som følgje av allereie stor aktivitet i området ligg tiltaket det er søkt om, ingen stader meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep i naturen og får såleis ingen konsekvensar for inngrepsfri natur (INON).



*Fig. 5 Område som var aktuelt for bygging av tersklar opp mot planlagd inntaksdam. DNT-stien til høgre. Ved å justera inntaket til 200 m lenger ned vil elva her bli utan direkte inngrep.*

#### 3.2. Biologisk mangfald

Registreringar av biologisk mangfald som blei utførte 07.07.05 av Prevista AS saman med oppdatert konsekvensutgreiing frå Rådgivende Biologer AS pr. 03.12.15 konkluderer med at det ikkje er påvist

raudlista vegetasjonstypar i det området som vert påverka av tiltaket. Det som er funne av raudlista arter i området består i alle hovudsak av fugl, og få av desse – bortsett frå fossekall – er knytte til vassdraget.

Berre triviell flora er registrert innan det påverka området. Området er eigna for fossekall, som også vart registrert i elveløpet saman med hegre. I området finst ein bra bestand av hjort medan elg og rein er heller sjeldne streifdyr.

Ved redusert vassføring er det venta at fuktkrevjande arter vert utkonkurrerte av meir tørketålande slik at samansetninga av arter vert noko endra.

Tiltakshavar vurderer konsekvensen for raudlisteartar som *liten negativ* og for terrestrisk miljø som *middels negativ*.

### 3.3. Fisk

Vassføringa vil – særleg i sommarmånadene – kunna bli monaleg redusert, noko som vert vurdert som negativt for naturtypen elveløp, fisk, botndyr og andre organismar i elva.

Etter tiltakshavar si vurdering er det få eigna stader for fiske av brunaure langs den påverka elvestrekninga, og det er også svært få som prøver å fiske her. Nedste del av Isdøla har for bratte parti til at fisken kan gå opp (frå Bjoreia), men han kan sleppe seg ned får Isdalsvatn der det er ein robust aurebestand.

Tiltakshavar vurderer konsekvensen for akvatisk miljø som *liten negativ*.

### 3.4. Kulturminne

I samband med utarbeiding av privat reguleringsplan for Liseth, gnr. 21, bnr. 7, datert 03.05.04, blei det søkt etter kulturminne på eigdommen utan at noko slikt blei funne. Søknaden seier ikkje noko om kulturminne på dei andre eigdomane som inngår i tiltaket (b.nr. 1, 5 og 18).

Søker vurderer tiltaket å ha *ingen* konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

### 3.5. Samfunns- og brukarinteresser



Fig. 6 Gangbru over del av Isdøla som bli påverka av tiltaket.

Ålmenta sin bruk av dei nedste 2/3 av den aktuelle elvestrekninga er etter utbyggjar si vurdering ubetydeleg. Dette fordi terrenget langs denne delen av elva delvis er ganske kupert og det av den grunn

ikkje er lagt stiar i dette området. Unntaket er ein lite brukt sti som kryssar elveløpet over ei bru om lag midtvegs mellom planlagd inntak og kraftstasjon (sjå fig. 6 over). Dei få kulpane som finst i denne delen av elva, vert brukt sporadisk av hyttefolk til stongfiske etter brunaure.

Langs dei siste øvste 300 m og opp forbi den planlagde inntakسدammen går ein merka DNT tursti ganske nær elva; her er det ein god del trafikk i sommar- og haustmånadene.

Den avgrensa haustjakta som føregår i nærleiken av elva, vil bli påverka i anleggsperioden. Etter anlegget er fullført er det utbyggjar si vurdering at viltet vil trekkja tilbake til sine naturlege område.

Isdøla kraftverk vil i lokalområdet bidra til ein monaleg tilgang på ny elektrisk kraft; 20 % av dette er vinterkraft.

På bakgrunn av den store utbygginga av fritidsbustader som har funne og som vil finna stad i Sysendalen (m.a. Eidfjord Resort), vil Isdøla kraftverk også kunna bidra med å sikra effekttilgang og også lokal straumforsyning i ein krisesituasjon ved t.d. eit utfall av den einaste tilførselslinja opp den rastutsette Måbødalen.

Med tanke på framtidig drift og busetjing vil Isdøla kraftverk elles bidra til å styrkja næringsgrunnlaget for dei involverte grunneigarane. Storleiken på kraftverket tilseier at lokale næringsinteresser vil få oppdrag og leveransar i samband med anleggsarbeida, samt erfaring frå denne typen arbeid som nyttig referanse. Vidare vil kommunen verta tilført årlege inntekter i form av skatter og avgifter knytt til drift av kraftverket.

### 3.6. Samla belastning

Det er gjennomført og søkt om ei rad utbyggingsprosjekt av vasskraft i Sysendalen/Isdalen og deira nærrområde, sjå fig. 7 under.

Området rundt Sysendalen er prega av SIMA kraftverk (Statkraft), sett i drift i 1980. Den 81 m høge og meir enn 1 km lange demninga Sysendammen er det mest iaugefallande resultatet av utbygginga. Statkraft har nyleg fått forlenga konsesjon frå 2005 på bygging av Storlien kraftverk, men har førebels ikkje nytta seg av denne. Pr. 01.06.11 har Statkraft ferdigstilt småkraftverket Leiro ved Sysendammen, Leiro kraft, som utnyttar sommarsleppet herfrå.

I Måbødalen, nedanfor Vøringsfossen, driv Hardanger Energi eit eldre kraftverk i Bjoreio, Tveitafoss.

Statkraft har til handsaming konsesjonssøknad for Isdøla Pumpekraftverk som i visse periodar skal nyttiggjera slepp gjennom Isdalsvatn, i andre periodar pumpe vatn frå Isdalsvatn opp i SIMAs magasin.

Clements kraft AS har til handsaming ein konsesjonssøknad for Drøllstølsbekken kraftverk på motsett side av Sysendalen for Isdøla kraftverk.




Fig. 7 Gjennomførte og vasskraftutbyggingar det er søkte om.

#### 4. Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke<sup>1</sup> og Område for friluftsliv<sup>2</sup>.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategi for energiproduksjonen:

**Mål for energi:** *Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Det vil seia ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter ein årleg reduksjon på 1,3 % fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.*

**Strategi B: Vera ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi**

4. *Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

Konsesjonsområdet høyrer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk inn under Ulvik-Eidfjord delområde med følgjande omtale:

<sup>1</sup> Aurland naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.

<sup>2</sup> Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008.

**Ulvik-Eidfjord delområde** har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Sårbart høg fjell og villrein krev særskilt merksemd og spesielle tiltak, det same gjeld for den viktige villaksbestanden i Eidfjordvassdraget. Ein må vera merksam på at omfang av villmark i verna område kan bli redusert som følgje av utbygging i randsona til større inngrepsfrie område. Området har store verdier for friluftsliv med viktige oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda og Hardangerjøkulen. Mykje av vassdragsnaturen er alt regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt.

#### 4.1. Landskap

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke vert tiltaks- og influensområdet klassifisert som del av landskapstypen «låg fjellsdalar under tregrensa» av vanleg førekomande karakter i utkanten av eit verneområde (Hardangervidda Nasjonalpark). Øvre del av utbyggingsområdet inn mot Isdalsvatnet grensar inn mot «låg fjellsdal over tregrensa» av vanleg førekomande karakter.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland grensar influensområdet inn mot «sårbart høg fjellsområde» av stor verdi, men sjølve tiltaket ligg som heilskap utanfor høg fjellsområdet.

P.g.a. mange tekniske inngrep i nærleiken, m.a. veg inn til Isdalsvatnet og mange hytter i nærleiken, fører ikkje tiltaket til bortfall av inngrepsfrie område (INON).

Monaleg redusert vassføring frå middelvassføring på 1000 l/s i dag til minstevassføring på 50 l/s (sommar) og 30 l/s (resten av året) etter utbygging, vil opplevast negativt. For å dempa det uheldige inntrykket er det positivt at tiltakshavar i det justerte framlegget vil flytta inntaksdammen 200 m nedover elva. Likevel vil monaleg reduserte vassføring på 900 m av elvestrekke, særleg i tørre periodar, etter fylkesrådmannen si vurdering bli godt synleg i delar av landskapet (sjå fig. 8 s. 13). Det vil også inntaksdammen med 250 m veg frå Bjørkhaug, kraftstasjonen og delar av røyrgata bli, der ho i den midtre og nedste delen ikkje vil gå i tunnel, alt etter kva alternativ som blir vald. Her vil fylkesrådmannen understreka at det klart beste alternativet er at mest mogleg vert lagt i vassunnel.

Fylkesrådmannen vurderer konfliktpotensialet for temaet som lågt til middels.

#### 4.2. Biologisk mangfald

Iflg. dei biologiske rapportane er det registrert fossefall og hegre i elva i utbyggingsområdet. I småkraftplanen sitt verdikart for biologisk mangfald er det ikkje registrert spesielt sårbare artar og naturtypar. For elver som fungerer som hekkeområde for fossefall seier småkraftplanen at det «må setjast krav om naudsynt minstevassføring» (R5.3) og «for fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vera eit avbøtande tiltak dert trygge reirplassar forsvinn». I tilfelle utbygging vil fylkesrådmannen be om at desse retningslinene vert følgde.

Influensområdet for tiltaket grensar inn mot Hardangervidda villreinområde, men Isdalen som Isdøla renn gjennom, høyrer ikkje til dette viddeområdet.

Med avbøtande tiltak vurderer fylkesrådmannen konfliktpotensialet for temaet som lågt.

#### 4.3. Fisk

Som dei biologiske rapportane påpeiker, er det aure i tiltaksområdet som slepp seg ned frå ein robust bestand i Isdalsvatn. Det er grunn til å tru at monaleg redusert vassføring og med det endra temperaturtilhøve og tilfrysing vil vera negativt for botndyr og fisk på utbyggingsstrekket.

Om aure (innlandsfisk) seier småkraftplanen (R6.4):

*Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.*

Det er søkt om minstevassføring 50 l/s sommar og 30 l/s resten av året. Slik vassføring kan vera eit trugsmål for auren i vassdraget. NVE må difor krevja så høg vassføring at bestanden er levedyktig.

Fylkesrådmannen vurderer konfliktpotensialet for temaet som middels.

#### 4.4. Friluftsliv og reiseliv

I Område for friluftsliv er tiltaks- og influensområdet inn mot Isdalen registrert som «svært viktig» regionalt utfartsområde. Størstedelen av det planlagde tiltaket ligg innanfor dette området. Den DNT-merka stien frå turisthytta Liseth Pensjonat og Hyttetun langs den øvre delen av tiltaksområdet og opp lia og austover og nordover Hardangervidda mot turisthytta Kjeldebu og Finse, er ein mykje nytta rute om sommaren. Om vinteren går det skiløype i traséen langs elva inn mot Isdalen og over mot Maurset. Sti- og løypetraséen langsmed elva er m.a.o. ein viktige oppgangssone til store turområde på Hardangervidda og mot Hardangerjøkulen. Området har difor «store verdiar for friluftsliv», slik også Fylkesdelplan for småkraft legg vekt på i områdeomtalen sin (sjå s. 11). Det gjeld også og ikkje minst for hyttefolket og reiselivet på Liseth og i Sysendalen, der det no er ambisiøse planar om ein større fjellandsby.

Om temaet friluftsliv seier småkraftplanen (R6.1):

*Ein bør visa varsemd ved utforming av vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.*


For reiseliv legg planen slike føringar (R9.1):

*I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusera opplevingskvalitetane, skal ein visa varsemd med løyve til nye vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.*


Minstevassføring på 50 l/s sommar og 30 l/s resten av året vil utan tvil redusera opplevingskvalitetane for friluftslivet i tiltaks- og influensområdet, særleg sommar og haust (sjå fig. 8 på neste side). Monaleg redusert vassføring frå dagens middelvassføring på 1000 l/s vil opplevast negativt ikkje berre på stien langs dei øvre delane av elva, men òg på avstand ned lia frå Grytehorga og frå høgden rundt. Lågare vassføring rører ikkje berre ved synsintrykket, men og den lydlege opplevinga av rennande vatn blir mindre. Dessutan kan spennande raste- og bade plassar og plassar for fiske forsvinna. Slike stader er

særleg viktige for barn, ikkje minst fordi tiltaksområdet med kort veg til parkeringsplass er lett tilgjengeleg for familiar.


Vannføring før og etter utbygging, tørt år (1959)



Vannføring før og etter utbygging, middels år (1982)



Vannføring før og etter utbygging, vått år (1983)





*Fig. 8 Vassføringsdiagram for Isdøla i tiltaksområdet før og etter utbygging. Redusert vassføring vil ha størst negative verknader for landskap og friluftsliv om sommaren og hausten i tørre og middels år.*

I den opphavlege søknaden deler tiltakshavar mange av desse bekymringane: «Isdøla vil i perioder få klart lavere vannføring enn i dag i den berørte delen av elven, særlig i tørre år. Størstedelen av det berørte området er imidlertid vanskelig tilgjengelig og derfor lite benyttet av folk. Ulempene med lavere vannføring vil i hovedsak være knyttet til brukere av den DNT-merkete turstien som følger elvebredden de siste ca. 200 m opp til den planlagte inntaksdammen og vil klart virke negativt inn på naturopplevelsen. Dette negative inntrykket vil bli forsøkt dempet ved å bygge 2-3 terskler i denne delen av elven. Anleggsarbeidet vil medføre tidsbegrensede ulemper. En vil rette opp skader ved opprydding i etterkant. Det forventes redusert mulighet til vellykket fiske av bekkørret i den berørte delen av elven.» (s. 19 i søknaden).

I tillegg til tersklar, foreslår utbyggjar også andre avbøtande tiltak: «Dagens DNT-merka tursti som går om lag 200 m i berørt område, karakteriseres i dag som fuktig og sølete med stedvis eroderte partier pga. stor slitasje. En tilrettelegging av turvei oppe på planlagt rørgate vil bedre tilgjengelighet og redusere slitasjonen i terrenget.» (s. 19).

Fylkesrådmannen ser det som positivt at dei siste justeringane av prosjektet med flytting av inntaket 200 m lenger ned i vassdraget og meir vassføring i tunnel i endra trasé til dels kjem bekymringane og kritiske merknader i møte. Det gjer at bygging av tersklar vert uturvande og at ein unngår røyrgate under DNT-stien. Fylkesrådmannen meiner likevel at inntaksdammen og redusert vassføring langs DNT-stien, som i 300 m lengd framleis følgjer elva nært (i snitt om lag 50 m frå), i høve friluftsliv og landskapsoppleving framleis er eit betydeleg inngrep. Justeringa med 250 m ny veg gjennom myr ned til inntaksdammen vil forsterka dette inntrykket.

Støy frå kraftstasjon er ikkje dokumentert i søknaden, heller ikkje den justerte, sjølv om «særlig støydependende tiltak er vurdert» (s. 17 i søknaden). Fylkesrådmannen meiner dette svekker søknaden, ikkje minst p.g.a. nærleiken til fritidsbustader og reiselivsdestinasjonen på Liseth.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk legg vekt på å ta vare på «opplevingskvalitetane i friluftsområde av stor verdi» (sjå R6.1 over), slik størstedelen av utbyggingsområdet er klassifisert som. Sjølv om prosjektet er modifisert, vil monaleg redusert vassføring i dei mest turintensive periodane langs DNT-løypa, inntaksdam 30-40 m frå stien og ny veg til inntaksdammen vera i strid med dei naturopplevingane småkraftplanen ønskjer å fremja i friluftsområde av stor verdi.

Fylkesrådmannen legg stor vekt på at tiltaks- og influensområdet er mykje brukt til friluftsliv og har stort potensiale for reiseliv, både regionalt og lokalt. Med omfemnande utbygging av alpindestasjon med fjellandsby i Sysendalen slik Eidfjord kommune har planar om, blir det særleg viktig å unngå inngrep i oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda. Fylkesrådmannen legg også vekt på at mykje av vassdragsnaturen i Sysendalen alt er regulert i samband med kraftutbygging. Det er viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknader slik delområdeomtalen for Ulvik-Eidfjord i småkraftplanen også legg vekt på (sjå s. 10).

Sjølv om justeringane i prosjektet dempar innvendingane mot prosjektet noko, vurderer fylkesrådmannen framleis konfliktnivået som høgt for tema friluftsliv og reiseliv. Med bakgrunn i føringane i Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk rår difor fylkesrådmannen frå konsesjon til Isdøla kraftverk.

## 5. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding

Ei utbygging etter dei justerte planane det er søkt om, vil gje ein årleg kraftproduksjon på 5,8 GWh. Det svarar til straumbruken til om lag 300 husstandar. Utbyggingsprisen er estimert til mellom 3,91 og 3,98 kr/kWh.

Konsekvensane for ålmenne interesser er først og fremst knytte til friluftsliv og reiseliv og til dels landskap, biologisk mangfald og fisk. Tiltaks- og influensområdet ligg i randsona til Hardangervidda Nasjonalpark, men ikkje i sårbart høgfjell av stor verdi og vil ikkje redusera inngrepsfrie område. Opplevinga av landskapet i tiltaks- og influensområdet vil likevel bli negativt påverka, i sær i den øvste delen av tiltaket. Monaleg redusert middelvassføring og låg minstevassføring kan vera til skade for aurebestanden og fossefall i Isdøla og krev avbøtande tiltak med høgare minstevassføring og om naudsynt reirkassar. Influensområdet for tiltaket grensar inn mot Hardangervidda villreinområde, men Isdalen som Isdøla renn gjennom, høyrer ikkje til dette viddeområdet.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk legg vekt på å ta vare på «opplevingskvalitetane i friluftsområde av stor verdi» (sjå R6.1 over), som utbyggingsområdet er klassifisert som. For reiseliv gjev planen tilsvarande føringar. Sjølv om prosjektet er modifisert, vi monaleg redusert vassføring i dei mest turintensive periodane langs DNT-løypa, inntaksdam 30-40 m frå stien og ny veg til inntaksdammen vera i strid med dei naturopplevingane småkraftplanen ønskjer å fremja i friluftsområde av stor verdi.

Fylkesrådmannen konkluderer med at tiltaks- og influensområdet er mykje brukt til friluftsliv, både regionalt og lokalt. Med omfemnande utbygging av alpindestinasjon med fjellandsby i Sysendalen slik Eidfjord kommune har planar om, blir det særleg viktig å unngå inngrep i oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda. Fylkesrådmannen legg også vekt på at mykje av vassdragsnaturen i Sysendalen alt er regulert i samband med kraftutbygging. Det er viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknader slik delområdeomtalen for Ulvik-Eidfjord i småkraftplanen legg vekt på (sjå s. 11).

Både Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland vektlegg omsynet til friluftsliv i måla, strategiane og retningslinene sine. Klimaplanen seier i strategi 3A.4 for energi at «energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.» (s.29). I forlenginga understreker småkraftplanen i retningslina si at «ein bør visa varsemd ved utforming av vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi.» (R6.1). Planen gjev tilsvarande føringar for reiseliv.

Trass i positive justeringar, vurderer fylkesrådmannen framleis konfliktnivået for friluftsliv og reiseliv som høgt i prosjektet det er søkt om. Tiltaks- og influensområdet i Isdalen og Sysendalen har stor regional verdi og stort potensiale. Med grunngjeving i Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland rår difor fylkesrådmannen framleis frå konsesjon til Isdøla kraftverk.